



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** 1. etg., Samfunnshuset i Volda  
**Dato:** 30.03.2017  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Hild Våge	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Edvin Dale	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Åshild Vik	Medlem	SV

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Jenny Venås	Edvin Dale	FRP
Ivar-Otto Kristiansen	Dan Helge Bjørneset	H



## VOLDA KOMMUNE

Elisabeth Velle Høidal	Sindre Rotevatn	H
Magny Astrid Fylling	Anders Egil Straume	KRF
Kjell Petter Wiik	Erlend Koppen	KRF
Anne Natvik	Åshild Vik	SV

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Inger-Johanne Johnsen	Sektorsjef kultur og service, PS 35/17
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef, PS 36/17

## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 28/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 29/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
OS 15/17	<b>Demensvennleg samfunn - Volda kommune</b>
PS 35/17	<b>Reduksjon i antal røystekrinsar i Volda kommune</b>
PS 30/17	<b>Spørsmål om løyve til oppstart av privat reguleringsplan for gnr 30 bnr 157 og 286 m.fl på Rotset. Avslutning av "Planid 2012009 - Reguleringsplan Rotsetfjora II og Sp1-5.</b>
PS 31/17	<b>Planid 1519-2017001 - Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Joplassen gbr 19/807 - Tilskot til dekning av kostnader knytt til reguleringsarbeidet.</b>
PS 32/17	<b>Valg av opsjonar for Botnavegen før kontrakt med entreprenør</b>
PS 33/17	<b>Ny bruk av bustadmodular Engesetvegen 28</b>
PS 34/17	<b>Årsmelding for eldrerådet 2016</b>
PS 39/17	<b>Rassikring FV 40 Dalsfjorden</b>
PS 37/17	<b>Orienteringssaker</b>



## VOLDA KOMMUNE

- OS 16/17      **Melding om politisk vedtak – Møteplan**
- OS 17/17      **Oppnemning av organisasjonsutval**
- OS 18/17      **Oppnemning av temakomite for nytt kommunenamn og heraldikk**
- OS 19/17      **Prosjektplan ny kommune Volda-Hornindal**
- OS 20/17      **NOTAT - Campusutvikling på høgskulen i Volda - Kommunal medverknad**
- OS 21/17      **Brev fra FAU ved Volda ungdomskule - bekymringsmelding vedk. Volda ungdomsskule**
- OS 22/17      **Referat frå møte med FAU Volda ungdomsskule**
- OS 23/17      **Legevaktsprosjektet, behov for ekstra ressursar**
- OS 24/17      **Sluttrapport. Samhandling mellom NAV Ørsta-Volda og fire kommunale tenesteaktørar; Psykisk helse og rus, flyktningekontor, tildelingskontor og eigedom**
- OS 25/17      **Protokoll frå representantskapsmøte nr. 1-2017 i Sunnmøre Regionråd IKS**
- OS 26/17      **Protokoll Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal 16.02.2017**
- OS 27/17      **Nav - Informasjon til våre samarbeidspartar**
- PS 36/17      **PPT- avtale om regionalt samarbeid**
- PS 38/17      **Delegerte saker frå avdelingane**
- DS 34/17      **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 5/5**
- DS 35/17      **Ferdigattest, støttemur gb 11/105/0/2**
- DS 36/17      **Ferdigattest, bustad Gbr 13/133**
- DS 37/17      **Løyve til tiltak, fasadeendring Gbr 17/201/0/2**
- DS 38/17      **Ferdigattest Gbr 17/218**
- DS 39/17      **Rammeløyve, bustad Gbr 17/237**
- DS 40/17      **Ferdigattest, bustad Gbr 18/311**
- DS 41/17      **Løyve til tiltak, tilbygg til garasje Gbr 18/407**
- DS 42/17      **Løyve til tiltak, brukendring gbr 19/518**
- DS 43/17      **Mellombels bruksløyve Gbr 19/887**
- DS 44/17      **Ferdigattest, garasje Gbr 30/202**
- DS 45/17      **Ferdigattest, tilbygg Gbr 30/276**
- DS 46/17      **Ferdigattest, bustad Gbr 30/404**
- DS 47/17      **Mellombels bruksløyve Gbr 30/430**



## VOLDA KOMMUNE

DS 48/17	<b>Ferdigattest, riving av skule Gbr 47/1</b>
DS 49/17	<b>Ferdigattest, tilbygg Gbr 107/51</b>
DS 50/17	<b>Ferdigattest, ombygging sel Gbr 107/4</b>
DS 51/17	<b>Ferdigattest, utviding veranda Gbr 131/7</b>

### **PS 28/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Handsaming:**

Innleiingsvis i møtet, framførte kulturskuleelevane Lina og Louise Ådneram ein melodi på piano.

Det var 25 møtande ved møtestart.

#### **Innkalling**

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publiserte på heimesida den 23.03.2017. Møtet vart annonsert i «Møre» den 25.03.2017.

#### **Dokument lagt ut på lesebretta den 29.03.2017:**

PS 39/17 Rassikring FV 40 Dalsfjorden

OS 27/17 Nav – Informasjon til våre samarbeidspartnarar

#### **Røysting innkalling:**

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

#### **Sakliste**

Ordføraren kom med framlegg om å flytte sak PS 35/17, Reduksjon av røystekrinsar, til starten av møtet, etter orienteringssak OS 15/17, og at PS 36/17 PPT - avtale om regionalt samarbeid, vert handsama i slutten av møtet.

Vidare kom ordføraren med framlegg om å sette dei ettersendte sakene på saklista.

PS 39/17 Rassikring FV 40 Dalsfjorden

OS 27/17 Nav – Informasjon til våre samarbeidspartnarar

Arild Iversen bad om ei orientering i kommunestyret om EPC-arbeidet på samfunnshuset.

#### **Røysting sakliste:**

Saklista med endringar og tillegg frå ordføraren vart samrøystes vedteken.



## VOLDA KOMMUNE

### PS 29/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

#### Røysting:

Det vart ikkje røysta over møteprotokollen frå sist møte.

### OS 15/17 Demensvennleg samfunn - Volda kommune

Kjellaug Aarhus og Øygunn Eiksund orienterte om Demensteamet. Volda kommune vart invitert til å skrive under ei avtale, der formålet er å bli ei demensvennleg kommune. Ordføraren takka for orienteringa, og vil ta avtalen opp til handsaming i formannskapet.

Sølvi Dimmen møtte kl. 14.20.

### PS 35/17 Reduksjon i antal røystekrinsar i Volda kommune

#### Tilråding i valstyret - 21.03.2017 til kommunestyret:

*1. Det er ei kommune si plikt å leggje tilhøva til rette slik at innbuarar med røysterett vert motiverte til å møte fram i røystelokala på valdagen. Ein viktig føresetnad for dette er at veljarane har kort /enkel veg dit. Difor skal talet på røystekrinsar i Volda kommune i komande val i oppretthaldast slik det har vore til no.*

*2. I samband med den prosessen som Volda er i med omsyn til kommunesamanslåing, kan det med verknad frå 2020 verte aktuelt å vurdere inndelinga i røystekrinsar på nytt.*

#### Handsaming:

Valansvarleg Inger-Johanne Johnsen møtte under handsaminga av saka. Ordføraren la fram oversikt over nye valkrinsar.

- **Dalsfjord valkrins:**  
Velsvik, Ulvestad og Dravlaus
- **Folkestad valkrins**  
Steinsvik, Dalsbygd, Folkestad, Bjørkedal og Fylsvik
- **Austefjord valkrins:**  
Høydal, Kalvatn, Fyrde
- **Mork valkrins:**  
Mork og Lid/Yksnøy
- **Øyra valkrins:**  
Øyra, Hjartåbygda og Vikebygda



## VOLDA KOMMUNE

Dei valkrinsane som vert slått saman vert overført samla. Det vert ikkje noko endring i grenser mellom valkrinsane.

Odd A. Folkestad møtte kl. 14:30.

Erlend Krumsvik fekk permisjon kl. 14.30.

Margrete Bjerkvik, Krf, kom med slikt framlegg:

*1. Volda kommune reduserer talet på røystekrinsar frå 16 til 5, gjeldande frå og med Stortings- og sametingsvalet 2017 slik.*

*-Austefjord krins*

*-Folkestad krins*

*-Dalsfjord krins*

*-Øyra /sentrum krins*

*-Mork krins*

*2. Etter valet 2017 skal valstyret evaluere gjennomføringa av valet.*

**Røysting** (26 røysteføre):

Prøverøysting:

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå valstyret og framlegget frå Margrete Bjerkvik. Tilrådinga frå valstyret fekk ni røyster og framlegget frå Margrete Bjerkvik fekk 17 røyster.

Endeleg Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå valstyret og framlegget frå Margrete Bjerkvik.

Framlegget frå Margrete Bjerkvik fekk 18 røyster og vart vedteke, tilrådinga frå valstyret fekk 8 røyster og fall.

Etter at det vart gjort vedtak kom Odd A. Folkestad, gruppeleiar Volda FrP, med slikt protokolltilførsel:

*Protokolltilførsel sak PS 35/17 Reduksjon i antal røystekrinsar.*



## VOLDA KOMMUNE

*I følgje vallova skal det innan 30/3 i valåret fastsetjast kvar innbyggjarar med røysterett i kommunen skal røyste.*

*Kommunestyret har i vedtak i sak PS 35/17 gjort vedtak om kva 6 røystekrinsar kommunen skal delast i frå og med Stortingsvalet 2017. Vedtaket inneheld ikkje tilvising kvar røysteføre i dei 10 røystekrinsane som vert nedlagde skal røyste ved Stortingsvalet 2017. Dette vedtaket er såleis mangelfult og kan ikkje iverksetjast før tidlegast ved kommunevalet i 2019, om valstyret/kommunestyret til då gjennom vedtak har avklara dette.*

### **Vedtak i kommunestyret - 30.03.2017**

***1. Volda kommune reduserer talet på røystekrinsar frå 16 til 5, gjeldande frå og med Stortings- og sametingsvalet 2017 slik.***

***-Austefjord krins***

***-Folkestad krins***

***-Dalsfjord krins***

***-Øyra /sentrum krins***

***-Mork krins***

***2. Etter valet 2017 skal valstyret evaluere gjennomføringa av valet.***

**PS 30/17 Spørsmål om løyve til oppstart av privat reguleringsplan for gnr 30 bnr 157 og 286 m.fl på Rotset. Avslutning av "Planid 2012009 - Reguleringsplan Rotsetfjora I1 og Sp1-5.**

### **Tilråding i formannskapet - 21.03.2017 til kommunestyret**

***1. Formannskapet finn å kunne gje løyve til fremjing av ny plan som privat detaljreguleringsplan i regi av Sunnmøre Invest AS for området mellom Scana si bygseltomt 30/1-3 og småbåthamna, der arealbruksformålet for området 30/157 og 30/286 med tilstøytande areal vert tilrådd endra frå industri/kontor til bustad (ev bustad/næring).***

***2. Gjennom planprosess må ein sjå nærare på tiltenkt bygningsvolum, byggehøgder og etasjetal, tilrettelegging av trafikale tilhøve og naudsynte uteopphaldsareal m.m, og korleis dette kan avstemmast mot omgjevnadane med etablert bumiljø og verna bygg/område.***

***3. Eksisterande bygningsmiljø og naustområde/fjora sør for Naustvegen skal inngå i ny plan, der omsynet til bevaring av bygningsmiljø og sjøtilknytning skal avklarast og nyttast som viktig element i ny plan.***

***4. Ein skal ved ny plan ivareta også dei behov for tilkomst-, parkeringsareal m.v for Garveriområdet som var lagt til grunn ved tidlegare planframlegg.***



## VOLDA KOMMUNE

5. Kommunen sin eige dom 30/286 skal inngå i plan og skal også i ny plan kunne nyttast for sikring av tilkomst til heile utbyggingsområdet og for tilkomst og parkering for Garvarbuda m.m.
6. Kommunen vil ta stilling til eventuell avståing av grunn frå 30/286 som det ut frå godkjent plan vil vere behov for, for å sikre samla utbygging etter plan når plan er utarbeidd. Ved regulering og i eventuell avtale vil det vere aktuelt å vurdere kommunens eigne behov for areal til sentrumsnære bustader til ulike brukargrupper i området.
7. Med grunnlag i endra eigartilhøve og endra føresetnader knytt til Scana sine interesser og planar i området, ser kommunen positivt på initiativet til endra arealbruk for det aktuelle området. Ein endra arealbruk som er i samsvar med intensjon i kommunedelplan Volda sentrum og tilhøyrande tettstadanalyse, om tilrettelegging for sentrumsnære bustader, og ynskje om å ivareta tilknytning mot sjøen.
8. Så langt mogleg skal reguleringsplanarbeidet samordnast med rullering av kommuneplanens arealdel og kulturminneplanen.
9. Reguleringsarbeid - PlanID 2012009 - Rotsetfjora II og SP 1-5",- dent del av plan som omfattar Scana sitt eksisterande areal på 30/1-3, vert slutthandsama og godkjent.

### **Handsaming:**

Arild Iversen, Krf, kom med slikt framlegg:

1. Kommunestyret gjer vedtak i sak PS 16/17 frå 02.03.17 for den delen som omfattar reguleringsplan for Rotsetfjora-Scanaområdet om inkje.
2. Spørsmål om oppstart av privat reguleringsplan på dette området vert i samsvar med normal handsaming overlete til formannskapet som er vårt faste planutval.

### **Røysting** (26 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Arild Iversen og tilrådinga frå formannskapet. Framlegget frå Arild Iversen fekk 15 røyster og vart vedtek. Tilrådinga frå formannskapet fekk 11 røyster og fall.

### **Vedtak i kommunestyret - 30.03.2017**

1. Kommunestyret gjer vedtak i sak PS 16/17 frå 02.03.17 for den delen som omfattar reguleringsplan for Rotsetfjora-Scanaområdet om inkje.
2. Spørsmål om oppstart av privat reguleringsplan på dette området vert i samsvar med normal handsaming overlete til formannskapet som er vårt faste planutval.





## VOLDA KOMMUNE

Erlend Krumsvik tok sete.

### **PS 31/17 Planid 1519-2017001 - Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Joplassen gbr 19/807 - Tilskot til dekning av kostnader knytt til reguleringsarbeidet.**

#### **Samrøystes tilråding i formannskapet - 21.03.2017 til kommunestyret:**

*Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 200.000,- i samband med reguleringsarbeidet for plan for Volda Campus Arena. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet.*

*Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj xxxxxxxx som vert tilført tilsvarende sum frå disposisjonsfondet.*

#### **Handsaming:**

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om sin habilitet, han er styremedlem i Volda Campus Arena, jf fvl. § 6, 1. ledd, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

#### Røysting habilitet

Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent inhabil.

#### **Røysting (26 røysteføre):**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i kommunestyret - 30.03.2017**

*Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 200.000,- i samband med reguleringsarbeidet for plan for Volda Campus Arena. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet.*

*Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj xxxxxxxx som vert tilført tilsvarende sum frå disposisjonsfondet.*

### **PS 32/17 Valg av opsjonar for Botnavegen før kontrakt med entreprenør**

#### **Samrøystes tilråding i formannskapet - 21.03.2017 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret syner til ny utlysing av anlegget for Botnavegen inkl veg til ridebaneanlegget. Kommunestyret godkjenner gjennomføring av anlegget innanfor ei kostnadsramme på kr 22 949 000 inkl mva. Dette inneber ein litt forenkla opprusting av strekninga Storelva – Botnasanden i samsvar med opsjon 4.*

*Av dette er Kr 6.745.000,- inkludert mva utgift, løyvd tidlegare*

*Tillegsløyvinga på Kr 16.204.000,- vert finansiert slik*



## VOLDA KOMMUNE

Låneopptak                   kr 13.213.000,- (innanfor låneramma i 2017-budsjettet)  
Momskompensasjon   kr 2.990.000,-

2. Gjennomføring etter punkt 1 inneber ein kostnadsreduksjon på kr 2 579 000 i høve til kostnadskalkylen i K-sak 110/16 frå 29.09.16.
3. Kommunestyret føreset at grunneigar og rideklubben gjennom ein avtale avklarar kven som tek ansvaret for drifta av ridebanevegen.

### **Handsaming:**

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om sin habilitet, han er i nær slekt med ein av grunneigarane langs vegen, jf fvl. § 6 1. ledd, b. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

### Røysting habilitet

Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent inhabil.

Ordføraren kom med framlegg om å stryke punkt 3 i tilrådinga frå formannskapet.

### **Røysting** (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet, punkt 1 og 2, vart samrøystes vedteken.

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet punkt 3 og framlegget frå ordføraren. Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i kommunestyret - 30.03.2017:**

1. **Kommunestyret syner til ny utlysing av anlegget for Botnavegen inkl veg til ridebaneanlegget. Kommunestyret godkjenner gjennomføring av anlegget innanfor ei kostnadsramme på kr 22 949 000 inkl mva. Dette inneber ein litt forenkla opprusting av strekninga Storelva – Botnasanden i samsvar med opsjon 4.**

*Av dette er Kr 6.745.000,- inkludert mva utgift, løyvd tidlegare*

*Tillegsløyvinga på Kr 16.204.000,- vert finansiert slik*

Låneopptak                   kr 13.213.000,- (innanfor låneramma i 2017-budsjettet)  
Momskompensasjon   kr 2.990.000,-

2. **Gjennomføring etter punkt 1 inneber ein kostnadsreduksjon på kr 2 579 000 i høve til kostnadskalkylen i K-sak 110/16 frå 29.09.16.**

Odd Harald Sundal tok sete.



## VOLDA KOMMUNE

### PS 33/17 Ny bruk av bustadmodular Engesetvegen 28

#### Samrøystes tilråding i formannskapet - 21.03.2017 til kommunestyret

*Kommunestyret gir administrasjonen fullmakt til å planleggje vidare med sikte på følgjande etterbruk av modulane ved Maurtua:*

- 1 modul til erstatning for mellombels bustad ved Myrtun
- 1 modul for å dekkje særskilt behov for bustad
- 2 modular for utviding av arealet til Mork barnehage

*Det skal leggjast fram sak for endeleg godkjenning av kostnader og finansiering før gjennomføring av flyttinga.*

#### Handsaming:

#### Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i kommunestyret - 30.03.2017

*Kommunestyret gir administrasjonen fullmakt til å planleggje vidare med sikte på følgjande etterbruk av modulane ved Maurtua:*

- 1 modul til erstatning for mellombels bustad ved Myrtun
- 1 modul for å dekkje særskilt behov for bustad
- 2 modular for utviding av arealet til Mork barnehage

*Det skal leggjast fram sak for endeleg godkjenning av kostnader og finansiering før gjennomføring av flyttinga.*

### PS 34/17 Årsmelding for eldrerådet 2016

#### Tilråding i eldrerådet - 13.02.2017 til kommunestyret:

*Årsmelding for Volda eldreråd vert teken til vitende, med tillegg 29.08.16: Som ein lekk i diskusjonen om matstellet i institusjonane for helse- og omsorg, var eldrerådet den 29.08.16 på Omsorgssenteret og fekk servert middag som stod på menyen denne dagen.*

#### Handsaming:

#### Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå eldrerådet vart samrøystes vedteken.



## VOLDA KOMMUNE

**Vedtak i kommunestyret - 30.03.2017**

*Årsmelding for Volda eldreråd vert teken til vitende.*

### **PS 39/17 Rassikring FV 40 Dalsfjorden**

**Tilråding:**

#### **Rassikring av FV 40 Dalsfjorden**

I samband med Møre og Romsdal fylkeskommune sitt pågåande arbeid med rassikringsplan for fylkesvegar vil Volda kommune minne om behova for rassikring av FV 40 rundt Dalsfjorden.

Møre og Romsdal fylkeskommune er godt kjende med behova:

1. Samferdselsavdelinga og plannemnda i samferdselssaker fekk grundig orientering og gjennomførte synfaring våren 2012.
2. I sak 73-13 Økonomiplan 2014-2017 gjorde fylkestinget slikt samrøystes vedtak:  
*I samband med fullfinansiering og fullføring av Røyr-Hellesylt byggetrinn 3 vil det i komande år bli fristilt skredsikringsmidlar til andre prosjekt.*  
*Av slike mindre prosjekt jfr vedtak i rassikringsplanen avgrensa til kr 10 mill som kan gjennomførast raskt, vil fylkestinget spesielt påpeike rasutsett strekning FV 40 i Dalsfjorden.*
3. I sak 10/16 Investeringsprogram for fylkesvegar 2017-2023 følgde fylkestinget opp med nytt samrøystes vedtak:  
*Fylkestinget ber fylkesrådmannen syte for at nødvendig rassikring av fylkesveg 40 Lauvstad-Folkestad kjem med i rassikringsplanen for fylkesvegar i Møre og Romsdal.*

I tillegg vert det synt til innspel frå kommunen m.a;

- møte med Statens Vegvesen og Fylkeskommunen i samband med regionalt samferdselsmøte 28. april 2016 der denne saka vart teken opp i enkeltmøte.
- Møte med regionveg sjefen i Volda 04.01.2017 og ulike pågåande planprosessar

Fylkesvegen er utsett både for snøras og jordras som alt for ofte medfører stenging av vegen og isolering av innbyggjarar og næringsliv. Vi nemner spesielt Marine Harvest sitt store anlegg inst i Dalsfjorden. Volda kommune ber difor om at fylkeskommunen i rassikringsplanen prioriterer FV 40 i samsvar med vedtak i fylkestinget.

**Handsaming:**

Saka vart ettersendt 29.03.2017.

**Røysting** (27 røysteføre):

Framlegget frå Arild Iversen og administrasjonen vart samrøystes vedteke.



## Vedtak i kommunestyret - 30.03.2017:

### Rassikring av FV 40 Dalsfjorden

I samband med Møre og Romsdal fylkeskommune sitt pågåande arbeid med rassikringsplan for fylkesvegar vil Volda kommune minne om behova for rassikring av FV 40 rundt Dalsfjorden.

Møre og Romsdal fylkeskommune er godt kjende med behova:

1. Samferdselsavdelinga og plannemnda i samferdselsaker fekk grundig orientering og gjennomførte synfaring våren 2012.
2. I sak 73-13 Økonomiplan 2014-2017 gjorde fylkestinget slikt samrøystes vedtak:  
*I samband med fullfinansiering og fullføring av Røyr-Hellesylt byggetrinn 3 vil det i komande år bli fristilt skredsikringsmidlar til andre prosjekt.*  
*Av slike mindre prosjekt jfr vedtak i rassikringsplanen avgrensa til kr 10 mill som kan gjennomførast raskt, vil fylkestinget spesielt påpeike rasutsett strekning FV 40 i Dalsfjorden.*
3. I sak 10/16 Investeringsprogram for fylkesvegar 2017-2023 følgde fylkestinget opp med nytt samrøystes vedtak:  
*Fylkestinget ber fylkesrådmannen syte for at nødvendig rassikring av fylkesveg 40 Lauvstad-Folkestad kjem med i rassikringsplanen for fylkesvegar i Møre og Romsdal.*

I tillegg vert det synt til innspel frå kommunen m.a;

- møte med Statens Vegvesen og Fylkeskommunen i samband med regionalt samferdselsmøte 28. april 2016 der denne saka vart teken opp i enkeltmøte.
- Møte med regionvegsjefen i Volda 04.01.2017 og ulike pågåande planprosessar

Fylkesvegen er utsett både for snøras og jordras som alt for ofte medfører stenging av vegen og isolering av innbyggjarar og næringsliv. Vi nemner spesielt Marine Harvest sitt store anlegg inst i Dalsfjorden. Volda kommune ber difor om at fylkeskommunen i rassikringsplanen prioriterer FV 40 i samsvar med vedtak i fylkestinget.



## VOLDA KOMMUNE

**PS 37/17 Orienteringssaker**

**OS 16/17 Melding om politisk vedtak - Møteplan**

**OS 17/17 Oppnemning av organisasjonsutval**

**OS 18/17 Oppnemning av temakomite for nytt kommunenamn og heraldikk**

**OS 19/17 Prosjektplan ny kommune Volda-Hornindal**

**OS 20/17 NOTAT - Campusutvikling på høgskulen i Volda - Kommunal medverknad**

Ordføraren hadde ei orientering om saka.

**OS 21/17 Brev fra FAU ved Volda ungdomskule - bekymringsmelding vedk. Volda ungdomsskule**

**OS 22/17 Referat frå møte med FAU Volda ungdomsskule**

**OS 23/17 Legevaktsprosjektet, behov for ekstra ressursar**

**OS 24/17 Sluttrapport. Samhandling mellom NAV Ørsta-Volda og fire kommunale tenesteaktørar; Psykisk helse og rus, flyktingekontor, tildelingskontor og eigedom**

**OS 25/17 Protokoll frå representantskapsmøte nr. 1-2017 i Sunnmøre Regionråd IKS**

**OS 26/17 Protokoll Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal 16.02.2017**

**OS 27/17 Nav - Informasjon til våre samarbeidspartar**

Rebecca Riise Bjerknes uttrykte bekymring for saka. Ho viste til at dette kan verte ei utfordring for enkelte grupper i samfunnet og at det kan føre til utanforskap, fordi det er mange som ikkje meistrar digitale løysingar.

**PS 36/17 PPT- avtale om regionalt samarbeid**

**Samrøystes tilråding i formannskapet - 21.03.2017 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret godkjenner vedlagde utkast til samarbeidsavtale om regionalt samarbeid om PPT.  
Kommunen inngår samarbeidet dersom tre eller fleire kommunar godkjenner avtalen.*
- 2. Kommunestyret delegerer mynde i samsvar med punkt 2 i samarbeidsavtalen til rådmannen som skal vidaredelegere dette til rådmannen i vertskommunen.*



## VOLDA KOMMUNE

- 3. I ei etableringsfase dekkjer Ørsta og Volda kostnadar knytt til ½ stillingsheimel kvar i perioden 01.08.17 – 31.07.19. Stillinga kjem i tillegg til normal bemanning.*
- 4. Om Hornindal kommune ynskjer å tre inn i samarbeidet på dei vilkår som går fram av samarbeidsavtalen før 1.1. 2020, kan dette skje utan ny politisk handsaming av saka i dei fire samarbeidskommunane.*

### **Handsaming:**

Sølvi Dimmen reiste spørsmål om habilitet, ho arbeider ved PPT Ulstein og Hareid, jf. fvl. § 6, 2. ledd. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

### Røysting habilitet:

Sølvi Dimmen vart samrøystes kjent habil.

Ordføraren kom med framlegg om at møtet skulle lukkast, jfr. kl § 31, nr. 2 , offl. § 13 og fvl. § 13.

Det vart samrøystes vedteke å lukke møtet.

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte om saka.

Erlend Krumsvik fekk permisjon kl. 17.00.

Det vart samrøystes vedteke å opne møtet.

Rebecca Riise Bjercknes kom med slikt framlegg:

- 1. Volda kommune stiller høveleg lokale til rådevelde i Volda til disposisjon for samtalar, testing for å redusere reisetid for brukarar og tilsette.*
- 2. Volda kommunestyre ber om å få ei evaluering av ordninga etter to års drift.*

Ivar Otto Kristiansen kom med slikt alternativt framlegg til Rebecca Riise Bjercknes punkt 1:

*- Volda kommune stiller høveleg lokale til rådevelde i Volda til disposisjon for samtalar, testing for å redusere reisetid for brukarar.*

### **Røysting** (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Det vart røysta alternativt mellom framlegget til Rebecca Riise Bjercknes og framlegget frå Ivar Otto Kristiansen. Framlegget frå Rebecca Riise Bjercknes fekk 18 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Ivar Otto Kristiansen fekk 8 røyster og fall.



## VOLDA KOMMUNE

Framlegget frå Rebecca Riise Bjerknes punkt 2 vart samrøystes vedteke.

### Vedtak i kommunestyret - 30.03.2017

- 1. Kommunestyret godkjenner vedlagde utkast til samarbeidsavtale om regionalt samarbeid om PPT.  
Kommunen inngår samarbeidet dersom tre eller fleire kommunar godkjenner avtalen.*
- 2. Kommunestyret delegerer mynde i samsvar med punkt 2 i samarbeidsavtalen til rådmannen som skal vidaredelegere dette til rådmannen i vertskommunen.*
- 3. I ei etableringsfase dekkjer Ørsta og Volda kostnader knytt til ½ stillingsheimel kvar i perioden 01.08.17 – 31.07.19. Stillinga kjem i tillegg til normal bemanning.*
- 4. Om Hornindal kommune ynskjer å tre inn i samarbeidet på dei vilkår som går fram av samarbeidsavtalen før 1.1. 2020, kan dette skje utan ny politisk handsaming av saka i dei fire samarbeidskommunane.*
- 5. Volda kommune stiller høveleg lokale til rådevelde i Volda til disposisjon for samtalar, testing for å redusere reisetid for brukarar og tilsette.*
- 6. Volda kommunestyre ber om å få ei evaluering av ordninga etter to års drift.*

### PS 38/17 Delegererte saker frå avdelingane

Det var ingen merknader til dei delegererte sakene frå avdelingane.

Møtet slutt kl. 17:20

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
31.03.2017

Sonja Håvik  
konsulent